



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjos@osteroyindustrilag.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2005

Godkjend i årsmøtet 30.3.06

ÅRSMØTET I 2005

Årsmøtet vart halde i hjå Lonevåg
Beslagfabrikk AS 29.3.05.

MEDLEMSMØTE

16.6.05 hadde me medlemsmøte hjå
Frekhaug Trappfabrikk AS med omvising
og orientering om det EU-støtta
informasjonsformidlingsprosjektet
TECHTRA. Me utveksla også erfaringar
etter **studieturen til Litauen**.

16.2.06 hadde me medlemsmøte hjå **Borge**
Garveri AS. Samarbeidsutvikling AS
hadde fagseminar om TPM-metoden som me
etterpå fekk sjå praktiske og svært gode
resultat av under omvising i bedrifta.
På medlemsmøta vart også drøfta aktuelle
saker som styret arbeider med.

STUDIETUR TIL LITAUEN

15 personar frå Osterøy Industrilag hadde 25.
– 29.5.05 ei svært interessant og vellukka
studietur til Litauen der me m.a. vitja 3
norske bedrifter og ei stor Litauisk
kjøleskapsfabrikk. Eitt av høgdepunkta var å
bli tatt i mot av Knut Magne (tidlegare
formann i Osterøy Industrilag) og Anders
Svenheim i 50.000 kvm fabrikklokale med
stor takhøgde.

3 STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte (16.6., 23.9.05 og
13.2.06) og har handsama 18 saker.

Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet
attvald som nestleiar.

STORE RESULTAT

Det har i arbeidsåret 2005 vore vesentlege
”gjennombrot” i saker som Industrilaget har
arbeidd aktivt for.

Ny riksveg mellom Hauge og Lonevåg kom
med i Nasjonal Transportplan med ein statleg
finansieringsdel som må reknast som god.
Planprosessen for å kunne plassere
tunnelmassar er i god gjenge.

I mars 2006 vart det endeleg avklart etter
avgjerd i personvernemnda at det vil bli
innført **Autopass**-ordning ved bomstasjonen
på Kvisti.

Omlegging av **Litlandsvingane** på rv 567
kom med i Nasjonal Transportplan
fullfinansiert med statlege midlar. Arbeidet
er starta og vert fullført hausten 2006.

Statens vegvesen sin nye ”strategi” for
vintervedlikehaldet har, i alle høve vinteren
05/06, gitt gode resultat.

Ei mindre vegutbetring på rv 567 ved
Gatland vart fullført hausten 05.

Ny veg frå rv 567 ved Kringastemma opp
mot Røskelandsdalen er kome med på
kommunen si prioriteringsliste for
fylkesvegar og Statens vegvesen har begynt å
sjå på saka.

Arnatunnelen har fått omtale i Nasjonal Transportplan og det er ei positiv utvikling politisk i Bergen.

Konsekvensutgreiing og kommunedelplan for **ny veg Tysse – Kallestadsundet** bru er lagt fram. Fylkesrådmannen tilrådde nærare utgreiingar og delt utbygging. Eit framlegg om utbygging i eitt steg (og ikkje vidare utgreiingar) som vart utarbeidd i samarbeid mellom Industrilaget og Ragnar Tyssebotn (fylkestingsrepresentant), vart vedteke. Vegen held stand på plassen etter Jondalstunnelen etter vedtak i mars 06 i fylkestinget om prioriteringar i fylkesvegplanen.

Alle medlemsbedriftene som har etterlyst tilgang til **breibandsamband**, har no tilgang. Kommunen har starta utbygging av eige fibernett som truleg vil kunne gje eit vesentleg betre samband for dei verksemdar som har trong for det.

Fylkestinget har vedteke å bygge **ny vidaregåande skule på Osterøy**. Her har komiteen for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule med støttespelarar gjort ein svært god jobb, m.a. assistert av midlar etter Osterøy Utvikling. Det er imponerende korleis lokalt næringsliv stiller opp i form av dugnad for ein god sak.

Fylkestinget har løyvd 4 mill kr til **”Pilotprosjekt for å utløyse ei bioenerginæring i Hordland”** i regi av Osterfjord Næringsssamarbeid, med Industrikonsulenten på Osterøy som prosjektleiar og med utspring i spennande bedrifter i bransjen i Osterfjordregionen.

Industrilaget har i fleire år arbeidd for at også ”ulønna arbeid” (t.d. utført av eigar av enkeltpersonforetak) skulle omfattast av **Skattefunnordninga**, noko som eigentleg var tanken. Det er no innført ei overgangsordning for godkjende prosjekt i 2002, 03 og 04 og sak om ordning for 2005 er til handsaming i ESA. For den første er søknadsfristen 7.4 06.

Mange av medlemsbedriftene går godt.

UTAN RESULTAT

Å få tilgang til **næringsareal i Haugeområdet** er eitt av dei viktigaste virkemidla for vidareutvikling av næringslivet på Osterøy. Lokale næringsaktørar står klare til å tilrettelegge areal, men planprosessen for kommunedelplanen står nærast heilt i stampe.

Me har halde fram arbeidet med å få fullført **kompensasjonsordninga for den auka arbeidsgjevaravgifta** frå 2000. Det har kome litt positive signal om moglegheiter for å nytte ordninga med ”bagatellmessig støtte”, men dette er ikkje oppnådd så langt.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett. Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsssamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutvikling og mottok 250.000 kr for dette i 05. I 2005 fekk Osterfjord Næringsssamarbeid også til rådvelde via fylkeskommunen 460.000 kr til regionalt næringsfond. Sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsssamarbeid går på omgang og i 2005 og 06 har Industrikonsulenten sekretariatet.

ANDRE SAKER

Me skipa til **temamøte med synfaring for Heradsstyret** 13.4.05. Det var omvising i følgjande verksemdar: Tysse Mek Verksted AS, Mjøs Metallvarefabrikk AS, K Lerøy Metallindustri AS, Mjelstad Miljø AS og Osterøytunet varmesentral/Osterøy Energi AS. Under bussturen vart det sett fokus på mange aktuelle saker.

Me har i mange år hatt ståande invitasjon til både Heradsstyret og undervisningspersonell

ved ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

Heile styret hadde møte med formannskapet 13.2.06 om **kommunen sin service overfor næringslivet** og planane om ein næringsmedarbeidar gjennom Osterøy Utbygging AS.

Mange gode krefter arbeidde for at **Nye Osterøy Miljø AS** skulle få konsesjon til prøvebehandling av nye avfallstypar. SFT har nytta svært lang tid på sakshandsaminga. Me lukkast i å få godkjenning hjå miljøstatsråd Knut Arild Hareide.

Me har gjort innspel i samband med oppstart og høyringsrunde for **masedeponi i Haugedalen** for massar i samband med bygging av ny veg mellom Hauge og Lonevåg. Å ha ei løysing for massedeponering er strategisk viktig. Me har gjort innspel om at massane og bør sjåast på som ein ressurs.

Formannen og sekretæren var inviterte til og deltok ved synfaring med **samferdsleutvalet i Hordaland fylkeskommune** 21.4.05.

Bergen Næringsråd har teke initiativ til ei breitt samansett gruppe av næringsorganisasjonar i Bergen og omland for å arbeide for realisering av **Arnatunnelen**. Formannen har delteke aktivt i dette arbeidet. Styret har gitt 2 uttalar i samband med høyringsrunden for konsekvensutgreiinga.

Komite for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule har starta eit forprosjekt for å utvikle faget med arbeidstittel ”**Avansert maskinering og robothandtering**”, finansiert av Osterøy Utvikling-midlar og midlar for Regionalt Næringsfond for Osterfjord. M.a. vil det bli kjøpt inn CNC-styrte maskinar til skulestart hausten 06.

Me har gjort innspel i samband med oppstart av arbeidet med rullering av **kommunedelplanen for vassforsyning**.

Me har gjort innspel til kommunen om at inntekter frå sal av **konsesjonskraft** framleis må nyttast til **næringsfondet**. Rådmannen og politikarane ville det annleis.

12.10.05 vitja ca 30 **studentar frå Høgskulen i Bergen**, Institutt for økonomiske og administrative fag, avdeling for ingeniørutdanning, Osterøy. Industrikonsulenten orienterte på bussen og det var omvising hjå Tysse Mek Verksted AS.

21.3.06 vitja ca 25 **studentar frå Fagskulen i Bergen** (maskin og automasjon) K Lerøy Metallindustri AS, Tysse Mek Verksted AS og Mjøs Metallvarefabrikk AS.

Industrilaget har gruppeavtale med **Ventelo for mobiltelefon- og fasttelefonester**. Mange av medlemmene nyttar denne avtalen. I perioden fekk me ei ordning der det ikkje er tellarskritt (berre startavgift) på mobilsamtalar mellom mobiltelefonar som er med under Industrilagsavtalen. Avtalen går ut til sommaren 2006. Før årsmøtet 2006 legg Ventelo fram eit nytt tilbud.

Heimesidene: www.osteroyindustrilag.no, har framleis eit enkelt design. Dette vil verte forbetra.

Me har i meldeperioden hatt eit aktivt samspel med **lokalpressa** og mange av våre saker har hatt god dekning. Fleire av medlemsverksemdene har også hatt god dekning i regionale og nasjonale mediar

E-post er no ein av dei viktigaste kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 10 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Ny medlem: Frekhaug Trappfabrikk AS. Holmen Industrier AS er utmeld etter at dei vart heileigd dotterselskap hjå Lonevåg Beslagfabrikk AS som er medlem.

Industrilaget har **36 medlemsverksemd** med ca **825 tilsette**.

TILLITSFOLK

Styret:

Lars Magne Bysheim (på val)
Eimund Øvsthus (på val)
Tor Georg Hella (på val)
Kjell Lerøy
Arne Hansen

Varamedlemmer:

Kjell Rune Birkaas (på val)
Johan Solberg (på val)
Monica Solberg (på val)

Styringsutvalet for Industrikonsulentene:

Lars Magne Bysheim, formann
(Formannen i Industrilagsstyret er formann her)
Svein A Skulstad
Willy Helgesen (på val)
Kari Foseid Aakre
 Varafolk: Jostein Jacobsen
 (for Svein A Skulstad)
 Jorunn Jacobsen
 (for Willy Helgesen) (på val)

Revisor: Norodd Helle (på val)